



ÅRSMELDING 2016

Styret i 2016

Leiar:	Per Sverre Kvammen	Revisor:	Hildegunn Nore
Kasserar:	Marloes Vos	Valnemnd:	Kolbjørn Bergset (leiar)
Skrivar:	Rolf Nore		Mari Fleten (medlem)
Varamedlem:	Hildur Smådal		Aud Andreassen (medlem)
			Ellaug Haugum (varamedlem)

Rolf Nore vart i august sjuk og måtte trekke seg som skrivar. Monrad Kolstad har deretter vore referent på styremøta. Våre instruktørar, Monrad Kolstad og Egil Nestande, deltar på alle styremøte.

Medlemmer

Ved slutten av 2016 har vi 79 aktive medlemmer som møter jamleg kvar veke. 63 medlemmer har i 2016 betalt medlemskontingent til Seniornett Førde. Totalt har vel 100 personar fått dataopplæring ved Seniornett Førde sidan vi starta opp i 2009.

Styrearbeid og aktivitetar

Det er gjennomført 5 styremøte og behandla 44 saker.

Digidel-2017. Monrad og Egil deltok 24. mai på konferansen «Digidel-arena 2016 Vest-/Midt-Norge» på Britannia hotell i Trondheim. Digidel 2017 er eit program som skal styrke samarbeidet og auke innsatsen på området digital kompetanse og deltaking. Programmet skal bidra til opplæring i bruk av IKT og velferdsteknologi hos grupper som i dag ikkje nyttar seg av slike verkty

I forkant av konferansen laga vi vårt eige prosjekt, «Prosjekt Digidel Førde», og søkte Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om tilskot til å gjennomføre prosjektet. Hovudelement i vårt prosjekt var:

- ✓ Tilbod til fleire eldre i aldersgruppa 65+ - minst 30 nye deltakarar
- ✓ Kunnskapsheving for våre instruktørar ved å delta på Digidel-arena 2016 Vest-Midt-Norge, Trondheim 24. mai
- ✓ 12 kursdagar/ samlingar frå september til desember 2016
- ✓ Rimeleg «inngangsbillett» gjennom låg kursavgift, maks. kr 250

Vi fekk tilslag på søknaden med eit tilskot på kr 9000.

Seniorsurfdagen 2016 var den 22. september i Førdehuset. Arrangementet var også i år eit fellesopplegg mellom Seniornett Førde og Førde Bibliotek, Innpå 60 personar møtte til dette arrangementet. Hovudtema på dagen var slektsgransking og velferdsteknologi.

Instruksjon og opplæring

I tillegg til Monrad og Egil har nokre av deltakarane vore faste medhjelparar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Spesielt må vi nemne Helge, Marloes og Magny. Helge er vår «ekspert» når det gjeld å få PC'ane til å virke normalt, og spesielt oppsett av ulike e-postvariantar. Marloes har i haustsemesteret gitt støtteundervisning i mindre grupper til verdige trengande.

Vårsemesteret

Nybegynnargruppa (frå hausten 2015) har i vårsemesteret terpa på å søke på Internett og bruke e-post. I tillegg litt innføring i og repetisjon av tekst- og bildebehandling.

For «veteranane» har vi etter kvart ikkje så mykje nytt å tilføre. Men det viser seg at mangt av det vi har vore innom tidlegare lett går i «gløymeboka». Det har såleis vore mykje repetisjon, og repetisjon av repetisjonen, f.eks. søke på Internett etter telefonnummer, arrangement, rutetider, matoppskrifter, lese aviser, kommunalt nytt, kjøpe kino- og teaterbilletter. Bestille fly- og reisebilletter, bildebehandling m.m. og Finn.no.

I samarbeid med Telenor arrangerte vi i slutten av januar grunnkurs i nettbrett og smarttelefon. Kurset gjekk over to dagar, 28. og 29. januar i kurslokale på Scandic Sunnfjord Hotel, med 2 grupper kvar dag. I alt deltok 69 personar. Instruktør frå Telenor var Lars Bakken, og elevar frå Mo og Øyrane vidaregåande skule stilte som hjelpeinstruktørar.

Hautsemesteret

Også i 2016 hadde vi eit to-delt informasjonsmøte i forkant av haustsemesteret. Den første timen hadde vi invitert nybegynnarar som var interesserte i å komme i gang med data. Deretter hadde vi eit felles info-møte der også dei vidarekomne deltok. Innpå 30 interesserte nybegynnarar møtte opp, og 23 ville bli med i Seniornett Førde.

Frå vårsemesteret ville dei fleste bli med vidare, og med så mange nybegynnarar fekk vi eit forsterka problem med å få plass til alle. Løysinga vart at vi delte deltakarane i 6 grupper, 2 nybegynnargrupper og 4 for vidarekomne. For å få dette til å gå opp med to kursdagar valde vi å endre på frammøtet for dei vidarekomne, slik at dei møter annakvar veke i staden for kvar veke. Dermed fekk vi grupper med akseptabel storleik, 12-15 personar i kvar gruppe.

Også i haustsemesteret fekk vi avtale med Telenor om kurs over to dagar i nettbrett og smarttelefon. Denne gongen brukte vi kurslokalet i Brunosten, men opplegget var som tidlegare med to grupper kvar dag den 6. og 7. oktober. 48 personar meldte seg på og deltok på kurset. Instruktør frå Telenor var Benedikte Øygard.

Temalista for haustsemesteret laga vi mindre detaljert enn tidlegare, og sette berre opp aktuelle tema for kvar månad. Bakgrunnen for dette var erfaring frå tidlegare år som har vist at det er vanskeleg å halde seg til og gjennomføre eit fast oppsett program for kvar veke eller møtedag.

Bakgrunnen til nybegynnarane hausten 2016 har som tidlegare år vore svært variabel. Nokre har ikkje tidlegare hatt PC, og har heller ikkje brukt skrivemaskin, medan andre er så vidarekomne at dei på ingen måte passar i nybegynnargruppene. Vi har elles vore strenge på at dei som alt har vore med tidlegare berre unntaksvis får starte i nybegynnargruppa på nytt.

Undervisningsmateriell

Vi tilrår seniornettavisa, som kjem i eit svært hendig format, til innføring i og hjelp med det grunnleggande. Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike. Nokre av dei detaljerte rettleiingane vi har laga tidlegare har vi oppdatert i haustsemesteret.

Ny programvare

Dei fleste har nytta seg av tilbodet frå Microsoft om gratis oppdatering til Windows 10, men enkelte som har litt eldre maskiner med Windows 7 har valt å halde på denne versjonen. Nokre har investert i nye maskiner med Windows 10.

Gjennom firmaet Techsoup kjøpte vi i 2015 50 «rabatterte» lisensar av Office 2013 Pro og/eller Office 2016 Pro. Desse versjonane inkluderer også e-postprogrammet Outlook. I september kjøpte vi 40 nye Office 2016-lisensar. Denne gongen med Førde Terapibasseng som godkjent frivillig organisasjon av Techsoup. Å gå via Førde Terapibasseng viste seg å medføre ein del problem før vi omsider fekk tilgang til lisensane. Problema oppstod ved at lisensane vart bestilt med e-postadressa til daverande leiar i Førde Terapibasseng, Ole Magnar Stein. Men så slutta han brått, og vi måtte gjennom fleire korrigeringsrunder både med Techsoup og Microsoft. Først langt ut i november fekk vi tilgang til lisensane. Dei fleste

nybegynnarane har etter kvart fått Office-pakke installert, men ikkje alle ønskjer å bruke e-postprogrammet Outlook. I desember kjøpte vi gjennom Techsoup også 6 lisensar av Windows 10.

Sosialt opplegg

Vår felles, halv-times kaffipause i sofagrappa ute i gangen/hallen er eit høgdepunkt i kvar gruppe, og noko dei fleste set pris på. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Medan vi sit i sofagrappa tar vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har prøvt oss på inne i kursrommet (populært kalla: «Monrads overhøyring»).

Ordninga der ein av deltakarane tar med seg «noko attåt» til kaffien har vi fortsett med. Dette går på omgang, og er enkelt og praktisk. Kaffi/te kokar vi på minikjøkkenet på Brunosten.

I 2016 har vi ikkje hatt fellessamling i form av Intenettkafé, men både våravslutning og julefest er gjennomført med god oppslutning. På fellessamlingane er Hildur Hafstad Smådal uvurderleg. Ho ordnar alt som har med mat og drikke, og ho organiserer medhjelparar til utsetting av bord, stolar, pådekking og pynting. (Kva skulle vi gjort utan Hildur?)

Rekneskap

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2016		Budsjett 2016	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Medlemskontingent	21 400,00		24 000,00	
Office Pakke	5 450,00		5 000,00	
Kaffipengar	15 025,00		20 000,00	
Tilskot	15 415,62		20 000,00	
Finansinntekter (renter)	28,00		0,00	
Godtgjersle til instruktørar for utlegg		23 000,00		22 000,00
Servering		7 127,60		12 000,00
Utstyr		14 678,40		18 000,00
Annonser, porto		1 111,00		4 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00		2 400,00
Reiseutgifter		5 907,00		8 000,00
Andre utgifter		7 073,82		7 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		121,00		150,00
Resultat (underskot)		-2 900,20	4 550,00	
Sum	57 318,62	57 318,62	73 550,00	73 550,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	57 318,62	
Sum utgifter		60 218,82
Fordringar 31.12.2016	0,00	
Gjeld 31.12.2016	0,00	0,00
Resultat (underskot)		-2 900,20
Sum	57 318,62	57 318,62

BALANSEKONTO per 31.12.2016

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot	43 008,50	
Debitorar (fordringar)	0,00	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2016		43 008,50
Sum	43 008,50	43 008,50

Budsjett 2017 (forslag)

	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	kr 26 000,00	
Programpakker (Office-pakker)	kr 5 500,00	
Kaffipengar	kr 15 000,00	
Tilskot	kr 22 000,00	
Finansinntekter (renter)	kr 20,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		kr 25 000,00
Servering		kr 10 000,00
Utstyr		kr 10 000,00
Annonser, porto		kr 2 200,00
Godtgjersle til tillitsvalde		kr 1 200,00
Reiseutgifter		kr 10 000,00
Andre utgifter		kr 10 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		kr 120,00
Resultat	0	0
Sum	kr 68 520,00	kr 68 520,00

Helsing styret og instruktørane

Per Sverre, Rolf, Marloes og Hildur
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem

Monrad, Egil, Helge og Magny
instruktører, ass. instruktører